

Saksprotokoll

Utvalg: Forvaltningsutvalet
Møtedato: 07.02.2019
Sak: 2/19

Arkivsak: 17/2180
Tittel: Saksprotokoll - Detaljregulering for vegparsell på Kjørnesplatået

Handsaming:

Einar Vatlestad (H) la fram følgjande framlegg:
Kommunestyret vedtek Detaljreguleringsplan for vegparsell på Kjørnesplatået etter midtlinjeprinsippet, i medhald av pbl. § 12-12. Plankart, føresegn og planomtale skal vere i tråd med dette før endeleg handsaming.

Framlegget frå Einar Vatlestad (H) vart sett opp mot tilrådinga.

Tilrådinga fekk 6 røyster (2 Ap, 2 Sp, Krf, Frp).
Forslaget frå Einar Vatlestad (H) fekk 1 røyst (H).

Vedtak:

Kommunestyret vedtek Detaljreguleringsplan for vegparsell på Kjørnesplatået etter prinsippa som er vist i vedlegg 2, i medhald av pbl. § 12-12. Plankart, føresegn og planomtale skal vere i tråd med dette før endeleg handsaming.